

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 06.12.2016
Sakshandsamar: Sjur Olav Sandal
Saka gjeld: **Investeringsbudsjett 2017 – Helse Førde HF**

Arkivsak:
2016/4657

Styresak: 076/2016

Styremøte: 16.12.2016

Framlegg til vedtak:

1. Styret vedtek følgjande investeringsbudsjett for 2017:

Investeringsbudsjett 2017 (tal i tusen kroner)	
Byggteknisk infrastruktur	7 700
Brannsikring HF	1 000
Bygg aust	58 000
Nye Førde sjukehus	13 700
Sum	80 400
Medisinteknisk utstyr (MTU)	23 000
IKT	1 700
Ambulansar	8 600
Sum MTU og andre investeringar	33 300
Sum investeringar	113 700

2. Styret ber administrerande direktør legge fram 5-årig investeringsplan til styremøtet i mai 2017.

Oppsummering investeringsbudsjett

Administrasjonen har lagt vedteke langtidsbudsjett til grunn ved utarbeiding av budsjett for 2017. Føreslege investeringsbudsjett for 2017 er på 113,7 millionar, medan langtidsbudsjettet vedteke i mai la opp til å bruke 156 millionar i 2017. Reduksjon på 42,3 millionar skuldast i hovudsak at vi ikkje pådrar oss så store kostnader til forprosjekt «Nye Førde sjukehus» i 2017.

Hovudsatsinga i 2017 er ferdigstilling av Bygg aust. Bygget skal vere klart til bruk over sommaren 2017. Andre prioriterte prosjekt er ny kontorfløy ved Nordfjord psykiatrisenter og ny ambulansestasjon i Sogndal.

I tillegg til investeringar innan bygg er det i investeringsbudsjettet sett av midlar for medisinteknisk utstyr, IKT-infrastruktur og til nye ambulansar. Investeringsbudsjettet for 2017 er krevjande. Det kan bli naudsynt med omprioriteringar i løpet av året, og med særleg merksemd i høve MTU og ambulansar.

Finansiering

Kontantstraum frå drifta gjev følgjande investeringsramme for 2017:

Kontantstraum til å dekke investeringar:	
(Beløp i heile tusen kroner)	2017
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	15 000
+ Avskrivning	76 000
= Kontantstrøm fra driften	91 000
- Avdrag lån	-9 870
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-7 979
+/- Likviditet frå forrige år *	22 716
+/- Likviditet overført til neste år	-167
= Kontantstraum til finansiering av investeringar	95 700
+ Opptak av lån utbygging FSS	18 000
Finansieringsgrunnlag investeringar 2017	113 700

*Likviditet frå førre år inkluderer tilsegn om lån på 60 millionar frå Helse Vest RHF.

Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT kjem som følgje av Helse Førde sin del av vedtekte prosjekt. Kontantstraumen syner at Helse Førde klarer å finansiere planlagde investeringar for 2017.

Disponering

Med bakgrunn i disponibel investeringsramme for 2017 vil administrerande direktør gjere følgjande prioriteringar:

Investeringsbudsjett 2017 (tal i tusen kroner)	
Byggteknisk infrastruktur	7 700
Brannsikring HF	1 000
Bygg aust	58 000
Nye Førde sjukehus	13 700
Sum	80 400
Medisinteknisk utstyr (MTU)	23 000
IKT	1 700
Ambulansar	8 600
Sum MTU og andre investeringar	33 300
Sum investeringar	113 700

Bygg og teknisk drift

Bygg aust

Bygging av Bygg aust er godt i gang og skal vere klart til bruk i august 2017. Prosjektet er fullfinansiert med restløyvinga på 58 millionar, som er seks millionar kroner meir enn det som låg i langtidsbudsjettet. Det er for å ta høgde for risiko, og evt. kan det her bli ein avgrensa buffer til øvrige område når rekneskap ligg føre.

Nye Førde sjukehus

Konseptfaserapporten for «Nye Førde sjukehus» ligg inne med kostnader på 1,62 milliardar for perioden fram til 2025, og forprosjekt «Nye Førde sjukehus» blir starta opp frå 1/1-2017. På investeringsbudsjettet for 2016 vart det løyvd 12 millionar kroner til «Nye Førde sjukehus», og i budsjettet for 2017 er det forslag om å løyve ytterlegare 13,7 millionar kroner. Til saman blir det om lag 26 millionar kroner. Bruken av dei 26 millionane startar ikkje før byrjinga av 2017. Det er i framlegg til statsbudsjett lagt inn ei tilsegn om lån på 18 millionar til Helse Førde, dette dekkjer 70 prosent av dei 26 millionane.

Byggteknisk infrastruktur

Det er i investeringsbudsjett sett av 1,2 millionar til fullfinansiering av ny kontorfløy ved Nordfjord psykiatrisenter. Samla er det då løyvd 7,9 millionar til prosjektet. Ambulansestasjon i Sogndal (Rutlin) vil etter planen kunne fullførast i 2017. I tillegg til pågåande investeringsprosjekt har teknisk drift i 2016 arbeidd med gjennomføring av byggeprosjekt til 14,6 millionar som er finansiert med sysselsetjingsmidlar. Teknisk drift arbeider vidare etter tiltaksplan for vedlikeholdsetterslep med konkrete tiltak fram til 2030. Det er sett av midlar i langtidsbudsjett frå 2018 for å gjennomføre arealplan for Lærdal sjukehus, planlegging er starta med bakgrunn i startløyving frå 2015. MR-Lærdal har løyving til forprosjekt frå 2016-budsjettet, og forprosjektrapporten vil venteleg ligge føre om kort tid.

Tidsakse for gjennomføring Nye Førde sjukehus vert vurdert opp mot risiko for dei tekniske installasjonane, slik at naudsynte tiltak kan setjast i verk i tide.

Medisinteknisk utstyr (MTU)

MTU-prioriteringane for 2017 er gjort i samråd medisinsk klinikk og kirurgisk klinikk, den totale ramma er 23 millionar. Mykje av utstyret som er prioritert å erstatte, har «end of life» status. Det betyr at leverandør har varsla om at det framover kan verte utfordrande å få service og delar til utstyret.

Det er mellom anna sett av midlar til datafangstløyving, som er nødvendig innanfor KULE-prosjektet, og til flåteutskifting av sprøyte og volumpumper. Større investeringar vil gå over både åra 2017 og 2018, desse investeringane må fullfinansierast i 2018.

Ambulansar

Ambulansetenesta har 29 bilar i operativ teneste. Oppdragsmengda er stabilisert med auka bruk av to-båreambulansar. For å halde gjennomsnittleg kilometerlengde stabil, er det nødvendig med ei årleg utskifting av sju bilar. Administrativ køyring vert prøvd utført med andre bilar. For 2017 er det planlagt kjøp av ambulansar og utstyr innanfor ramma på 8,6 millionar.

Prioritering IKT

Den totale ramma for IKT-porteføljen i Helse Vest for 2017 er 385 millionar. Det ligg då ei underdekking i porteføljen på 98,5 millionar. Denne vil finansierast med omlag 50 millionar av Helse Vest RHF, og ved at det er forventa ei gliding frå 2017 til 2018. Ved bruk av generell fordelingsnøkkel (11,5 prosent) er Helse Førde sin del av investeringa som følgjer:

Regionale IKT investeringar (tal i tusen kroner)		
Namn	Helse Vest	Helse Førde
Program HELIKS	105 700	12 156
Program Alle møter	64 900	7 464
Økonomi, innkjøp, logistikk (LIBRA)	80 000	9 200
Andre prosjekt	29 400	3 381
IKT infrastruktur	70 000	8 050
PC-leige	35 000	4 025
Sum investeringar 2017	385 000	44 275
Forventet glidning og midler frå HV RHF	-100 000	-11 500
Sum investeringar 2017 Helse Førde		32 775

(Til å finansiere regionale investeringar går det 7,9 million av investeringsramma til Helse Førde)

Dei store programma og prosjekt er:

- Program HELIKS med blant anna innføring av KULE (Kurve og Legemiddelhandtering) og konsolidering RIS/PACS
- Program Alle møter med blant anna Vel møtt og Vestlandspasienten
- Program LIBRA med sine prosjekt innanfor økonomi, innkjøp og logistikk

IKT-investering lokalt

Lokale IKT investeringar (tal i tusen kroner)	
IKT infrastruktur	1 700
IKT utstyr	-
Sum investeringar 2017	1 700

Av lokale investeringar er det sett av midlar til:

- Legge kablar til trådlaust nett, basestasjonar.
- Legge kablar til pasientvarslingsanlegg.

Det er ikkje funne rom for å prioritere investeringsmidlar til nytt IKT-utstyr i 2017. Vi leige IKT-utstyr som PCar mv. av Helse Vest IKT. Investeringsmidlar ville gått til mellom anna videoutstyr til bruk innan telemedisin.

Samla plan for investeringar i perioden 2016 – 2021

Område	Investeringsområder	Tal i millionar kroner						Sum 5 år 2017-21	
		2016	2017	2018	2019	2020	2021		
Nybygg/ ombygging	Brannsikring HF	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	5,0	
	Bygg infrastruktur og funksjonsendring	15,1	7,7	7,1	7,1	7,1	14,6	43,6	
	Arealplan LSH			11,7	11,7	11,7		35,0	
	Arealplan FSS								0,0
	Bygg aust	70,0	58,0					58,0	
	Nye Førde sjukehus	12,0	13,7	379,8	344,2	146,6	74,8	959,1	
	Nye Førde sjukehus - MTU				21,0	21,0	13,6	55,6	
Sum nybygg/ombyggingar		98,1	80,4	399,6	385,0	187,4	104,0	1 156,3	
Medisinsk tekn. utstyr	MTU	24,4	23,0	23,0	9,0	9,0	9,4	73,4	
	SUM medisinsk teknisk utstyr	24,4	23,0	23,0	9,0	9,0	9,4	73,4	
IKT- investeringar	IKT infrastruktur	1,2	1,7	1,2	1,2	1,2	1,2	6,5	
	IKT utstyr	1,0	-	0,5	0,5	0,5	0,5	2,0	
	SUM IKT-investeringar	2,2	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	8,5	
Andre investeringar	Ambulansar	9,6	8,6	10,0	10,0	10,0	10,0	48,6	
	SUM andre investeringar	9,6	8,6	10,0	10,0	10,0	10,0	48,6	
Sum investeringar		134,3	113,7	434,3	405,7	208,1	125,1	1 286,8	

Administrasjonen har lagt vedteke langtidsbudsjett til grunn ved utarbeiding av budsjett for 2017. Budsjett for 2017 syner ei ramme på 113,7 millionar.

I langtidsbudsjett er det lagt til grunn at realisering av «Nye Førde sjukehus» startar i 2018, og at vi vil trenge eit kortsiktig lån frå Helse Vest RHF. I langtidsbudsjett er det lagt opp til at det kortsiktige lånet vert nedbetalt innan 2023.